

Vekeplan for 5.trinn



Veke 15

	Måndag 12.april	Tysdag 13.april	Onsdag 14.april	Torsdag 15.april	Fredag 16.april
08.30-10.00	A: Gym B: Gym C: Norsk D: Norsk	A: Norsk B: Norsk C: Gym D: Gym	Me reiser til Vitenfabrikken i Sandnes. Sjå info nedanfor...	A: 4-deling B: 4-deling C: 4-deling D: 4-deling	A: Norsk B: Norsk C: Norsk D: Norsk
10.15-11.30	A: Matte B: Matte C: Matte D: Engelsk	A: Matte B: Matte C: Norsk D: Norsk	Vitenfabrikken	A: 4-deling B: 4-deling C: 4-deling D: 4-deling	A: Norsk B: Matte C: Matte D: Naturfag
12.15.13.00	A: Norsk B: Engelsk C: Naturfag D: Matte	A: Naturfag B: Naturfag C: Engelsk D: KRLE	Vitenfabrikken	A: K&H B: K&H C: K&H D: Matte	A: KRLE B: KRLE C: Naturfag D: K&H
13.10-14.10	A: Engelsk B: Norsk C: KRLE D: KRLE		Vitenfabrikken	A: K&H B: K&H C: K&H D: K&H -Slutt kl.13.55	

Mål for veka:

Norsk	Eg kan skriva ein fagtekst der eg held meg til dei kriteria eg har fått.
Matematikk	Eg kan forklara omgrepet målestokk.
Engelsk	Eg repeterer og øver til prøve i veke 16
Naturfag	Eg kan skildra ulike edderkoppar.
Sosialt	Eg kjenner til mobbesirkelen.

Til heimen:

- **Vitenfabrikken på onsdag:**

Bussen hentar oss på Kiwi kl.08.15 (merk tida)! Alle møter utanfor Kiwi, og alle må møte i god tid. Sykkelen **må** evt.parkerast på skulen først. Bussen køyrer 08.15. Retur frå Vitenfabrikken kl. 12.45. Elevane må ha med vanleg matpakke og drikke. Dei får ikkje mjølk denne dagen (den får dei ekstra på torsdag). Det er ikkje open kiosk, så ingen treng å ha med pengar 😊 Dette blir kjekt!

Plan for dagen: Stasjonar med ulike opplegg og tema:

-Problemløysing i matematikk

-Planetariet

-Newtonbil

-Kule- og dominobane

- **4-delning på torsdag: 5C** skal ha mat og helse. Hugs innesko og forkle.

Heimearbeid veke 15	
Vekelekse:	
<ul style="list-style-type: none">• Lær deg å bøya dei 5 verba! Test på fredag.	
Til tysdag	Norsk: Les om ein valfri edderkopp på side 32 og 33 i Yggdrasil. Teksten ligg på Showbie-Leselekse veke 15. Skriv ned 10 stikkord slik at du kan fortelja om edderkoppen til læringsvennen din. Du finn teksten under Leselekse i Showbie. -Etterpå les du inn eit talnotat frå den edderkoppen du har skrive om.
Til onsdag	Engelsk: Step 1 og 2: Arbeid 20 minutt på Quest 5. Lenka ligg på Showbie, vekeplan, engelsk.
Til torsdag	Norsk: Les teksten «Den trojanske hesten» som ligg på Showbie under <i>Leselekse</i> . Svar på spørsmåla som kjem etterpå.
Til fredag	Matte: Gjer matteleksa som ligg i Showbie under <i>Mattelekser</i> . Gjer så langt du kjem på 30 minutt. Skriv utrekninga med to strekar under svaret i den grønne rekneboka. Ta bilete av det du har gjort og legg inn i Showbie. Hugs: lær deg verba!

Vekas 5 verb:

Infinitiv å	Presens no	Preteritum i går	Perfektum har
eta	et	åt	ete
hoppa	hoppar	hoppa	hoppa
lesa	les	las	lese
sjå	ser	såg	sett
kjenna	kjenner	kjende	kjent



Helsing: Kenneth, Gunnveig, Veronica, Silje og Jan Magne